



Klart for Spar cup, og Odd Steinar Arnesen er ei av eldsjelene bak arrangementet!

Søndag 30.august er det klart for den kjekke og årvisse SPAR cup på Heio. Dette er ein veldig kjekk dag for dei yngste fotballspelarane her i distriktet. Spelarane er fødte frå og med 2005 til og med 2009. I tillegg får ein del av dei litt eldre prøva seg som dommarar. Det plar vera ein festdag for både spelarane, dommarane og eit stort publikum.

Denne cupen har mange års tradisjonar. Den starta som Heio Cup, men for vel 5 år sidan gjekk Spar Uskedalen inn som sponsor for arrangementet, og dermed vart namnet SPAR cup. Arrangørane, Uskedal IL, er svært rosande i omtalen av samarbeidet med den lokale butikken om den populære cupen.

I fjor deltok 49 lag, og det vart avvikla 77 kampar. Alle laga fekk minst 3 kampar. Som alltid var både innsats og speglede på topp blant deltakarane. Veret var flott og eit talrikt publikum storkosa seg. Rundt 50 frivillige var med for å få arrangementet godt i hamn.

Også i år er det ei flott grasmatte som ventar på dei unge fotballspelarane. Banemeister Steinar Haugland og mannskapet hans syt for at matta får den beste pleie.



Stor stas å få utdelt statuettar.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Arkivfoto: Ola Matti Mathisen og Thor inge døssland